

# MØTEREFERAT

## FAU KLEPPE SKULE

**Møtedato:** 21.09.22    **Stad:** Kleppe skule, møterom ved bibliotek

### Til stede:

Tina Lode Strand (1.trinn)  
Liv Aaslid (3.trinn/kasserar)  
Simon Giæver (4.trinn/leder)  
Camilla Baustad (5.trinn/nestleder)  
Linn Serigstad Taksdal (6.trinn)  
Marianne Mæle (7.trinn)  
Annelin Dalberg (SFO)  
Morten Laland (assisterande rektor)  
Aina Grude (avtropplande leder) var med delar av møtet

Referent: Liv Aaslid

### Saksliste:

- 01/2022 – Val av nytt styre for skuleåret 2022/2023
  - Leder, Simon Giæver (4.trinn)  
Nestleder, Camilla Baustad (5.trinn)  
Kasserar, Liv Aaslid (3.trinn)  
Referent, rullerer  
Øvrige representanter: Tina Lode Strand (1.trinn), Linn Serigstad Taksdal (6.trinn), Marianne Mæle (7.trinn), Annelin Dalberg (SFO).  
2.trinn mangler foreløpig representant til FAU.
    - Kommunalt FAU: Tina Lode Strand er hovedrepresentant. Annelin Dalberg er vara.
    - Driftsstyret: FAU leder Simon Giæver, Marianne Mæle og Tina Lode Strand stiller frå FAU. Vara er Annelin Dalberg og Linn Serigstad Taksdal.
    - «Saman om eit trygt og godt nærmiljø». Her trengs det 2 stykk frå FAU. Det har våre lite aktivitet på dette området dei siste åra grunna covid, så ingen på møtet visste

heilt kva dette går ut på. Avventar med å velge representanter til neste møte når Sylvia er tilbake og kan gi meir informasjon.

- 02/2022 – Møte og aktivitetsplan for FAU 2022/2023

Det blir FAU-møter 2.onsdag i månaden i november, januar, mars og mai – kl 19.30 (sjå årshjul for datoar).

- FAU sine oppgåver for skuleåret:

- Refleksdemonstrasjon for 1.trinn.

Representant for 1.trinn har ansvar for å organisere dette. Marianne har avtalt at demonstrasjonen kan være på taket på Jærhagen. Tormod har alltid hatt desse demonstrasjonane tidlegare, og fiksar alt så lenge vi avtalar tid og stad. Ein fordel om demonstrasjonen blir så tidleg på hausten som mulig, men seint nok til at det er mørkt før leggetid for 1.klassinger.

- Reflekskonkurranse for heile skulen.

Starter mandag etter haustferien og går fram til vinterferien. Skulen fiksar det meste, FAU har ansvar for premier og diplom. Marianne har i år fått avtale med Jærhagen at dei sponsar refleksselar til heile 7.trinn.

I fjor fekk beste klasse på 7.trinn ein time på Skyland i premie, 2., 3. og 4.plass fekk pengepremiar. Dette for å motivere dei eldste og til å bruke refleks, og at dei skal være gode forbilder for dei yngre. Kan vurdere å sjekke med Skyland om dette er mulig i år og.

- Påminnelse til foreldrekontaktane om å forberede foreldremøte i mars.
    - Melde inn nye foreldrekontakte og FAU-representantar før skuleåret er over.

- 03/2022 – Aktuelt frå trinna

- 4.trinn – Ein av klassane manglar kontaktlærer. Dette jobbes med og det har våre og blir fleire møter med skulen om dette. Prøver å ha god informasjon ut til foreldre og elevar.
  - 6.trinn – Vurderer å leie inn Stine Sofie-stiftelsen til å ha foredrag på foreldremøtet. Klassekontaktane har ansvar for til våren. Dette kostar ein del pengar, så har snakka om å gå saman fleire trinn (5.-7.trinn), i tillegg til å gå saman med andre skular i kommunen. Kunne då våre aktuelt med foredrag for elevane på dagtid, og foreldre/lærarar på ettermiddag/kveld. Alle var positive til dette, så foreldrekontakte på 6.trinn sjekker med andre skular før vi bestemmer meir her. Må i så tilfelle finne ut korleis vi skal finansiere dette – trinnkassene eller FAU-kontoen. Vurdere å søke om midler for å dekke deler av dette. Det er lite penger på mange av trinnkassene så kan være greit å finne andre løysninger.
  - 7.trinn – Foreldre her har hatt dugnad på Jærhagen og skal og ha dugnad der før jul, for å samle inn pengar til trinnkassen så heile trinnet har mulighet til tur til Kongeparken til våren. Har våre litt uenigheter om det er greit at foreldre skal

servere alkohol og rydde på julebord for at elevane skal få reise til Kongeparken, men det var nok foreldre som ville stille opp her så det vil bli gjennomført.

- 1., 2., 3., 5.trinn og SFO hadde ingen spesielle saker å ta opp.
  
- 04/2022 – Aktuelt frå skulen
  - Trygg skuleveg. Det blei i dag sendt ut melding til Sandnes Taxi om at alle elevar som blir kjørt til og frå skulen, men som ikkje har spesielle behov, skal settast av/hentast i dropsona. Kun dei som har spesielle behov skal bli kjørt heilt fram til skulen. Dette for å redusere trafikken til og frå skulen. Det har og våre ein del klagar på taxiar som kjører fort langs skulevegen.
  
- 05/2022 – Eventuelt
  - Det kom opp at Klepp kommune framleis gjer det dårleg på lesing, og eventuelle tiltak for dette. Norli har ein årleg lesekonkurranse som foreldre har gode erfaringar med. Her er det kjekke premiar som gjer god motivasjon for lesing. Kleppe skule har ikkje våre flinke til å delta i denne konkurransen, i fjar var det bare ein klasse frå skulen som deltok. Her er det opp til lærarane om klassane skal delta. Assisterande rektor skal ta det videre med lærerane. Det er ønskeleg at fleire klasser vert med på dette.

Måned	Dato	Klokkeslett	Hovedaktivitet	Merknader/andre aktiviteter
August			Skolestart	
			Foreldrekontaktmøte	
September	21.sep	19:30-21:00	FAU møte	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Konstituering av styre</li> <li>- Oppstart 17. mai komité</li> <li>- Koordinere reflekskonkurranse</li> <li>- Foreldremøter gjennomføres</li> </ul>
	22.sep	18:00-20:00	Driftstyremøte	
			KFAU	
Oktober	NIL			
November	09.nov	19:30-21:00	FAU møte	
Desember				
Januar	11.jan	19:30-21:00	FAU møte	Påminnelse til foreldrekontakter om foreldremøtet vår. Møte foreldrekontakter?
Februar				
Mars	08.mar	19:30-21:00	FAU møte	Kåre vinner reflekskonkurranse, ulike foreldremøter, melde inn foreldrekontakter og nye FAU representanter.
April				Ulike foreldremøter, melde inn foreldrekontakter nye FAU representanter, sykkelprøve, ansvarlig 4. trinn
Mai	10.mai	19:30-21:00	FAU møte	Ansv. 17. mai komité, Husk nye FAU rep
	17.mai			
Juni				

